

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søker	Org. nr./person nr.
	Lindås kommune v/eining for Eigedom	935 084 733
	Post / e-post	Telefonnr.
	postmottak@lindas.kommune.no	56 37 50 00
2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokalitetar og enkeltminne)	gnr., bnr.
	66400	171/4,47
	Gardsnamn	Kommune
	Hopland	Lindås
3	Namn på eigar (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	Telefonnr.
	Lindås kommune v/eining for Eigedom	56 37 50 00
	Post / e-post	
	postmottak@lindas.kommune.no	
4	Søknadssum (overført fra side 4, finansieringsplan)	
	350 000	
5	Skildring av prosjektet	
	Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)	
	Gravhaug fra Jernalder. Haugen, som er kalla Kongshøggen (Håkonshaugen), er no restaurert slik at han er 20 m i tverrmål og 4 m høg. Haugen er heilt grasgrodde. Rundt øvre halvdel er det bygd ein låg støttemur og eit platå dekt med natursteinheller. Haugen er flat på toppen.	
	Datering	Jernalder
	Tidlegare tilrettelegging	Nytt gjerde langs eksisterande murar skifta ut i 2012. Etablering av platå og murar ca 1960 i samband med utgraving.
	Tidlegare skjøtsel	Etablering av anlegget 1960-61, årleg vedlikehald med grasklipping og luking i sesong
	Andre opplysningar	Haugen er Lindås kommune sin 1000-årsstad. Det har fleire gonger vore arrangert spel med haugen som kulisse. Haugen er ein viktig del av den lokale identiteten til bygda Seim. Anlegget vert besøkt av turistar og grupper i sesong.

6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

- Prosjektering
 Ny tilrettelegging
 Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

- Ja
 Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Etablering av ny tilkomst til haugen. Skifte ut eksisterande trappeløsing med gangveg med stigning maks 1:12, ref visualisering vedlagt. Gangvegen får fast dekke og god avgrensing mot terreng. Bytte ut eksisterande natursteinsdekke med grasameringsrister (ref Steinalderbuplass Vistehola i Rogaland). Dette gjev eit jevnare dekke for ferdsel og enklare vedlikehald.

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

- Ja
 Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

I vedteken kulturminneplan for kommunen har Håkonshaugen ein sentral plass. Foruten ei skildring av bakgrunn for at den har blitt eit freda kulturminne, står det: "Det er ynskje om å utvikle eit fast opplevelingstilbod knytt til haugen". Under tiltak står det: "Vidareutvikle haugen som formidlingsarena,...". I den meir overordna kulturplanen er det også skildra tiltak knytt til Håkonshaugen. Der står det: "Arbeide for å utvikla kommunen sin tusenårsstad, Håkonshaugen på Seim, ved å oppretta ein formidlingsarena/møteplass...". Håkonshaugen er ein viktig

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

Lindås sogelag er ein viktig samarbeidspartner for Lindås kommune. Dei har engasjert seg sterkt i å vidareutvikle Håkonshaugen som formidlingsarena. Dei støttar søknaden og tiltaket.

Kvar 17.mai samlast folk frå bygda seg ved haugen. Mangel på universell utforming /tilkomst og skjøtsel, har vore påpeikt av fleire, i høve dette arrangementet.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

Ein kan koma til Seimsleitet med bil, buss etc. Det er i dag høve til å nytta parkeringsplassar ved Seim kyrkje. Herfrå må ein gå opp mot haugen (ca 100 m) via asfaltert gangveg og ei bratt steintrapp like før ein når sjølve haugen. Trappa opp er slitt og ujamn i trinna. Det er handløpar på muren langs med trappa. Tilkomsten er vanskeleg og tung for mange brukarar. Det finns idag ikkje mogelegheit å koma opp til haugen utan å gå i trapper.

Eventuell anna relevant informasjon

Lindås sogelag ynskjer å gje eit større formidlingstilbod knytt til historia til haugen, bygda og strilekulturen. Dei gjer no utreiningar om det er mogeleg å reise eit museumsbygg for dette føremålet, i nærleiken av haugen. Det kan altså verte ei ytterlegare satsing og tilretteleggjring for å skape ein god formidlingsarena ved haugen. Men det omsøkte tiltaket er ikkje avhengig av korleis det går med planane for eit nytt museumsbygg.

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinene skal sikra at arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Lindås kommune har vore i dialog med Hordaland Fylkeskommune v/Kultur og idrettsavdelinga/fylkeskonsevator.

02.10.2015 var prosjektleiar og kultursjef i kommunen i møte med rådgjevararane Solveig L Rongved og Monika Serafinska. Oppfølgande e-post 06.10.2015 frå Solveig L Rongved

I møtet vart det lagt fram planar om vedlikehald av anlegget på Håkonshaugen. Området ber preg av tidas tann og lite hensiktsmessig utforming når det gjeld drift og vedlikehald, universell utforming. Lindås kommune har avsett ein avgrensa pott midlar for å skifta ut eksisterande natursteinsdekke nord for haugen. Dette er søknadspliktig all den tid haugen og sikringssone er automatisk freda.

Fylkeskommunen la fram tankar om ei utforming som betre kan forankra kulturminnet i landskapet. Dette innbefattar at ein i større grad fjernar konstruksjonar/murar og gjerder som idag rammar inn haugen slik at haugen glir meir i eitt med omkringliggende terregn. Ein bør også sjå på tilkomsten og om ein kan leggja denne betre til rette med tanke på universell utforming.

Eigar av arealet er Lindås kommune v/eining for Eigedom

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

Kommunen ynskjer at 1000-årsstaden skal framstå godt skjøtta og vedlikehalden. Dagens trappetilkomst og natursteinsdekke på platå nord for haugen gjer vedlikehald vanskeleg og krevande. Det er ikkje tilrettelagt for universell tilkomst idag.

1. Fjerne eksisterande trapp og etablira ny gangsti med fast dekke opp mot haugen (ref visualisering). Gangvegen skal maks ha stigning 1:12 for å tilfredsstilla krav til universell utforming. Det skal vera tydelege kantar langs med gangvegen.
2. Bytta ut eksisterande natursteinsheller med grasameringsrister på platå nord for sjølve Håkonshaugen. Slik vil dekket bli jamnare og gå meir i eitt med landskapet rundt. Vurdera om ein må gjere masseutskifting under eksisterande heller for å betra dreneringstilhøva. Dersom dette må gjerast vil ein måtte skifta ut masse ned til 50 cm under dagens bakkenivå.
3. Fjerna mur i bakkant og på sørside av platå og jamne ut kantar slik at kulturminnet blir ein del av landskapet. Fjerne gjerdet rundt kulturminnet dersom det let seg gjere mtp husdyrhald på tilgrensande eigedomar. Legge forsiktig til rette for publikum ved reetablering av sitjekantar i to nivå opp mot skråning i nord (sjå visualisering)
4. Tilrettelegge for publikum ved å setje opp benkar og nye infotavler på platå der ny gangsti kjem opp til haugen.

9 Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald

Arbeidet skal utførast på bestilling frå Lindås kommune v/Eining for eigedom og Eining for kultur og idrett i eit samarbeid. Det vil vera Eining for eigedom som har ansvar for drift og vedlikehald av anlegget etter ferdigstilling.

10 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

KOSTNADSOVERSLAG:

Masseforflytting, maskintimar: 120 t
Vekkjøring av rivingsmateriale (trapp, mur og gjerde): 80 t
Masseeutskifting, drenerande massar på platå: 40 t
Terrengarrondering ved etablering av ny gangsti til haugen: 30 t
Legging av grasameringsnett og kantstein: 40 t

Sum: 320 000 eks mva

Materialkostnadar:

Grasameringsnett: ca 300 m² - 300 000
Drenerande massar, Gangveg til haugen: ca 40 meter, bredde 1.8 m - 15 000
Avrettingsmasse, Gangveg til haugen: ca 40 meter, bredde 1.8 m -15 000
Fast dekke (asfalt ev mais): ca 40 meter, bredde 1.8 m - 50 000
Kantstein langs gangveg: 2 x 40 m - 25 000
Infotavle(r): 1 * 15 000 nok
Benkar, 2 stk: 2 * 10 000 nok

Sum: 430 000 eks mva

FRAMDRIFTSPLAN:

Søknadsprosess FK og RA: 4.kv 2015/1. kv 2016
Planlegging og prosjektering: 2. og 3. kv 2016
Oppstart bygging: 4. kv 2016
Ferdigstilling: 1.kv 2017

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midlar	350 000
eventuelt tilskot frå kommunen	350 000
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	
andel av eigne midlar	
andre midlar	
dugnadsarbeid	50 000
anna	
Sum (kr):	750 000

Stad: **Dato:** **Underskrift**

12 Knarvik 20.10.2015 Øyvind Stang

13 Kommunen sin uttale

Prioritering:	1
Tilskot frå kommunen:	350 000
Fråsegn:	Som det framgår av søknaden er tiltaket høgt prioritert.

Søknaden sendast pr. e-post til: hfk@hfk.no

NB! Søknadsfrist 1. november